



Husebø Arne
HUSEBØ
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1551 - 18/15953

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
25.07.2018

Godkjenning av statstilskot til drenering på GBNR 57/4,5 og 12 på Sætrevik

Administrativt vedtak. Saknr: 189/2018

Saksutgreiing:

Arne Husebø med foretaket 970 050 582 søkte 07.06.18 om tilskot til 200 meter grøfter på leigejord på 57/4,5 og 12 på Sætrevik. Husebø er heiltidsbonde med mjølkeproduksjon og sau, og det er trong for å ta opp att ein del grøfter på leigejorda.

Søknaden har vore sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene 21.06.2018, men det er p.r. dato ikkje komen noko svar.

Vurdering

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne betre utnytting av gjødsel og dermed bidra til mindre avrenning av nærings salt og redusert utslepp av klimagassar. For søkjar medfører tiltaket lettare arbeidstilhøve, og meir avling kan gje betre økonomi.

Berekning av tilskot

Det er søkt om tilskot til 200 meter avskjeringsgrøfter á kr 30/lm grøft. Sum tilskot vert 6 000,- Arealet som vert omfatta av grøftinga er om lag 6 daa.

Kulturminne

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen, men det er ikkje komen svar. Kommunen har søkt i tilgjengelege databasar for kulturminne og ikkje funne at det er noko konflikt mellom den planlagt grøftinga og kulturminnelova.

Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd . Dersom automatisk freda kulturminne som gjennstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.

Grøftinga er difor ikkje vurdert å vera i konflikt med kulturminnelova, men ein må ta omsyn til andre kulturminne som steingardar m.m. under arbeidet.

Naturmangfaldlova.

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar , som kjem i konflikt med dreneringa. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst med tanke på konsekvensar dreneringa kan ha for naturverdiar. . Ut frå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar eller ha andre negative verknader som auka fare for flom eller ureining av vatn.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i samband med dreneringa skal utførast mest mogleg varsamt om med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket kan gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige natur- og kulturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 6 000,- i statstilskot i grøftinga.

Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 6 000,- i statstilskot til inntil 200 meter grøfting på GBNR 57/4,5 og 12 til Arne Husebø med føretak 912 700 356 i tråd med søknad motteke 07.06.18. Vedtaket har heimel i forskrift (av 25.juni 2013) om drenering av jordbruksjord §§3-5 jf § 18 i jordlova, forskrift om produksjonstilskot § 4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arbeidsfrist er sett til 15.08.2021

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regional kulturminneforvaltning kontaktast.

Kommunen skal godkjenna arbeidet, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig. Minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til

Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.skriv vedtak her>

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Husebø Arne

HUSEBØ

5917

ROSSLAND